


# ÅRSRAPPORT 2007





# ÅRSRAPPORT 2007



## ENGLISH SUMMARY

The National Cultural Historical Properties (Statens kulturhistoriske eiendommer, SKE) project was started in 2003. The project's aim is to coordinate and supervise a review of state-owned properties with a view to identifying historically important properties/buildings and ensuring them formal protection. This measure is taken, among other reasons, because national heritage properties previously have been protected only to a very limited degree. The project work has been prepared through a preliminary project that was submitted to the Minister of AAD (Ministry of Labour and Government Administration) in March 2002.

The project is a subsidiary of the Ministry of Government Administration and Reform (FAD) and was headed by director general Kasper Holand in FAD until 28 February, when he was replaced by deputy director general Oskar Petter Jensrud. The project has its own secretariat with 3 employees. A reference group with participants from the ministries or government departments with the main responsibility for policy at the national level concerning state-owned properties and cultural monuments will oversee the work of the project.

SKE's work is founded in a government mandate and is based on sector responsibility as it is established in applicable environmental policy. The review of the nationally owned properties will be conducted sectorwise; each ministry is responsible for the work done within its sector. For practical reasons, the work is divided into phases, starting with a quick review of the entire inventory of properties, followed by closer documentation of the properties/buildings that can be perceived to be worthy of protection and finally, selection of the installations/buildings that are suggested for preservation.

The selection decided upon will then be presented along with a description of the extent of work, criteria for selection and the sector's/activity's history in a consolidated planning document: a national protection plan for the sector/activity. The Directorate for Cultural Heritage will formally register the properties for protection based on the recommendations of the national protection plan.

In order to alleviate the work of the sectors, the project has developed a web-based database designed to archive the documentation necessary for the determination of protection. This database is accessible for both representatives from the sectors and the professionals who are engaged in the work itself. It is possible to print out portions of the final planning documents directly from the database.

The project submitted the first rough overview of proposed buildings and properties for protection by the end of 2003, based on data the sectors submitted during the first cursory review. In December 2004, the previous government decided that all sectors should have begun work on the national protection plan in the course of the first half of 2005. Organization of the sectors' work has taken somewhat longer than expected; by the end of 2007, one plan - for The Norwegian Postal Service AS - is finished, eleven projects have been initiated and several others were in planning.

### INITIATED PROTECTION PLAN PROJECTS BY THE TURN OF THE YEAR 2007/2008:

Ministry of Finance – Directorate of Customs and Excise  
 Ministry of Government Administration and Reform  
 Ministry of Health and Care Services  
 Ministry of Justice and the Police  
 Ministry of Culture and Church Affairs – theatres, archives and museums  
 Ministry of Children and Equality  
 Ministry of the Environment  
 Minister of Trade and Industry  
 Ministry of Education and Research  
 Ministry of Agriculture and Food – Norwegian Institute for Agricultural and Environmental Research (Bioforsk) and the National Forest Authority (Statskog)  
 Ministry of Transport and Communications, - Avinor (Norwegian state owned airports and airport authority)

Maritime infrastructure (Ministry of Fisheries and Coastal Affairs) to be developed parallel with SKE's project  
 Work in the sectors is comprehensive; most of the projects are anticipated to be completed 2007–2009.

Å organisere eit samfunn er inga enkel oppgåve. Dei skandinaviske landa vert ofte trekte fram som eit eksempel til etterfølging når det gjeld samfunnsbygging. Sjølv om Noreg har oljen, så er ein viktig del av vårt samfunn sin suksess tufta på noko så trivielt som god organisering og bygging av samfunnet.

Som del av samfunnsbygginga står statsapparatet sentralt. Statsapparatet sine institusjonar og verksemder held til i bygningar. I så måte kan staten sine bygningar fortelje oss noko om det norske samfunnet si historie. Det er dette som er utgangspunktet for prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar. Vi skal syte for at det fysiske miljøet i statleg eige fortel noko om dei ulike sektorane si historie.


I 2007 har prosjektet verkeleg skote fart. Alle relevante sektorar har no sett arbeidet med landsverneplanar på dagsorden. Samla sett utgjer dette arbeidet truleg det største verneprosjektet nokosinne her i landet.

2008 er året då svært mange landsverneplanar skal slutførast. Somme vil også ha att litt arbeid i 2009 før deira landsverneplan er heilt ferdig. Riksantikvaren står overfor ein intensiv periode når landsverneplanane no etter kvart kjem til behandling. Etter at landsverneplanane vert formaliserte, må mange av eigedomsforvaltarane rette blikket mot arbeidet med forvaltningsplanar. Det er med andre ord nok å ta seg til i arbeidet med statens kulturhistoriske eigedommar også i åra som kjem.

Eg vil rette ein stor takk til alle aktørar i prosjektet for den innsatsen som vart lagt ned i 2007, og ynskje lukke til med det vidare arbeidet.



Oskar Petter Jensrud, avdelingsdirektør  
 Prosjektleder Statens kulturhistoriske eigedomar



00	SUMMARY	SIDE 2
01	FORORD	SIDE 3
02	BAKGRUNN OG MANDAT	SIDE 6
02.1	Bakgrunn	
02.2	Mandat for 2007/2008	
03	PROSJEKTET	SIDE 8
03.1	Sekretariatet	
03.2	Referansegruppa	
03.3	Lokale og heimeside	
04	HOVUDOPPGÅVER 2007	SIDE 9
04.1	Innleiing	
04.2	Landsverneplanar	
04.2.1	Status for arbeidet med landsverneplanar	
04.3	Registeret	
04.3.1	Registerutvikling	
04.3.2	Gjennomføring av registrering	
04.3.3	Overføring av data frå SKE etter avslutta landsverneplanarbeid	
04.4	Forvaltningsstrategi for statens kulturhistoriske eigedommar	
04.4.1	Arbeid med forvaltningsplanar	
04.5	Formidling	
04.5.1	Forum for landsverneplanar	
04.5.2	Nettsida	
04.5.3	Jamleg formidlingsarbeid	
04.6	Diverse	
04.6.1	Studietur til Vestlandet	
04.6.2	Studietur til Irland og Skottland	
05	BUDSJETT OG ØKONOMI	SIDE 24
05.1	Budsjettrammer	
05.2	Forbruk i 2007	

## 02 BAKGRUNN OG MANDAT

### 02.1 BAKGRUNN

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE) er forankra i mandat frå regjeringa og basert på sektoransvaret slik det er nedfelt i gjeldande miljøpolitikk i St.meld. nr. 58 [1996-97] 'Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling' og St.meld. nr. 25 [2002-2003] 'Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand'. Prosjektet er også ei oppfølging av dei nasjonale miljømåla slik dei er nedfelte for alle sektorar i Miljøverndepartementets St.prp. nr. 1 [2002 – 2003]. SKE viser elles til Miljøverndepartementets St.meld. nr. 16 [2004-2005] 'Leve med kulturminner'.

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar har sin bakgrunn i St.prp.nr.1 [2001-2002] for Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD). Her blei Stortinget varsla om at den dåverande regjeringa planla ein gjennomgang av staten sine kulturhistoriske eigedommar. Bakgrunnen for arbeidet var trongen for å kartlegge staten sine kulturhistoriske eigedommar og etablere ei betre forvaltning av desse. Problemstillingar og omfang vart lagt fram i forprosjektrapporten 'Statens kulturhistoriske eiendommer – politikk for eierskap og forvaltning' (mars 2002).

I september 2002 bestemte regjeringa å setje i gang prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE) for åra 2003 og 2004. I desember 2003 bestemte regjeringa at prosjektet skulle halde fram ut året 2006, slik forprosjektet hadde lagt til grunn.

Hausten 2006 blei det avgjort at prosjektperioden skulle forlengjast ut 2008, mellom anna fordi arbeidet hadde fått større omfang enn forventta, ikkje minst på grunn av aktiv medverknad frå statlege selskap og foretak. Samtidig så ein at nøling med oppstart i fleire departement ville føre til seinare ferdigstilling for fleire av landsverneplanprosjekta. Dette var difor også ei medverkande årsak til at prosjektperioden vart forlengd.

### 02.2 MANDAT 2007/2008

Mandatet for prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar for 2007 og 2008 skildrar trongen for å sikre resultatet av det arbeidet som no er starta opp, og har denne ordlyden:

PROSJEKTET STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMMAR SKAL I 2007-2008:

- assistere og koordinere arbeidet med landsverneplanar i dei ulike sektorane,
- ha ansvaret for drift og vedlikehald av det nettbaserte eigedomsregisteret med data frå alle deltakarar i prosjektet,
- formidle og gi råd om regjeringa sin strategi for forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedommar og arbeidet med forvaltningsplanar,
- stimulere til formidling av landsverneplanarbeidet i sektorane,
- sikre informasjon og erfaringsoverføring mellom deltakarane i prosjektet, drifte prosjektet si heimeside, arrangere relevante møte og seminar,
- kartlegge aktørane sin trong for og evne til å ta i mot registerdata etter avslutta landsverneplanarbeid, slik at dei kan nyttiggjere seg data frå prosjektet sitt register etter prosjektavslutninga,
- leggje til rette for å avslutte prosjektet ved utgangen av 2008, mellom anna med framlegg om handtering av eventuelle gjenstående oppgåver.



1



2



3



4



5



6



7

1. Ullevål Museum.
2. Universitetet i Oslo, Victoria Røgia. Foto: Raul Da Cunha.
3. Gause Salen, Statsbygg.
4. Austrått Borg, Nedre Borggård. Foto: Einar Engen.
5. BasevestiLyngdal Foto: Statsbygg.
6. Rogaland Teater /interior. Foto: Eirik T Bøe.
7. Gimle Terrasse 5. Foto: Erik Ruud, Statsbygg.

### 03.1 SEKRETARIATET

Prosjektet er underlagt Fornjings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Hovudprosjektet starta opp ved årsskiftet 2002/2003 og var inntil årsskiftet 2004/2005 under leiing av spesialrådgjevar Brit Denstad i dåverande Moderniseringsdepartementet. Prosjektleiari i perioden 2005-2007 var ekspedisjonssjef Kasper Holand i Statsforvaltningsavdelinga i FAD. Frå 2007 har avdelingsdirektør Oskar Petter Jensrud i same avdeling vore prosjektleiari.

I 2003 blei det etablert eit eige sekretariat for gjennomføring av prosjektarbeidet. Sekretariatet har tre medarbeidarar; seniorrådgjevar Eirik T. Bøe og rådgjevarane Heidi Uleberg og Marit Vestvik. Uleberg og Vestvik erstatta Tarja Koskinen og Line Bårdseng som slutta i sekretariatet høvesvis 1. september og 1. oktober 2007. Eirik Bøe hadde permisjon frå 21. mai til 1. september for å arbeide i Forsvarsbygg med landsverneplanen til Avinor. I tillegg til den faste bemanninga har det vore leigd inn eksterne konsulentar for å hjelpe til med konkrete oppgåver. Også i 2007 har systemutviklar Gisle Totland (ViaNova AS) og systemutviklar Ola Flem (Flem Consult) vore engasjerte.

### 03.2 REFERANSEGRUPPA

Prosjektet vert følgd opp av ei referansegruppe med deltaking frå departement og etatar som er sterkt involverte i eigedoms- og kulturminnepolitikken i staten. Referansegruppa skal hjelpe prosjektet med kunnskap og råd, syte for forankring og naudsynte avklaringar i dei respektive departementa/etatane. Prosjektleiari og leiari for referansegruppa er Oskar Petter Jensrud.

DESSE HAR VORE MED I REFERANSEGRUPPA I 2007:

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET	v/seniorrådgjevar Kaare Falkenberg
MILJØVERNDEPARTEMENTET	v/avdelingsdirektør Einar Holtane (seniorrådgjevar Benedicte Boye møter som vara)
FORSVARSDPARTEMENTET	v/stabssjef Janne Wilberg i Forsvarsbygg
KULTUR- OG KYRKJEDPARTEMENTET	v/underdirektør Kristin Solbjør Folstad og seniorrådgjevar Isabell Lexow
KUNNSKAPSDPARTEMENTET	v/underdirektør Arne Hovden
RIKSANTIKVAREN	v/avdelingsdirektør Unni Grønn (rådgjevar Ingrid Djupedal møter som vara)
STATSBYGG	v/direktør May Balkøy
ABM-UTVIKLING	v/seniorrådgjevar Espen Hernes

Det er halde 10 møte i referansegruppa i løpet av 2007. I tillegg blei det gjennomført ein studietur til Vestlandet 7.–10. mai og til Irland og Skottland frå 29. oktober til 1. november.

### 03.3 LOKALE OG HEIMESIDE

Sekretariatet leiger lokale hos Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i Storgata 2, Oslo.

Prosjektet har eiga heimeside på [www.statenskulturhistoriskeeigedommar.no](http://www.statenskulturhistoriskeeigedommar.no)

### 04.1 INNLEIING

I løpet av 2007 har dei fleste landsverneplanprosjekta kome i gang. SKE har retta mykje av sine ressursar inn mot koordinering av den aukande aktiviteten, og tilrettelegging for mest mogleg effektive prosessar i sektorane sitt arbeid. Det har difor også i 2007 vore eit tett samarbeid med Riksantikvaren og deira representantar i dei ulike landsverneplanprosjekta, og likeeins med Forsvarsbygg og Statsbygg som sentrale kompetansmiljø i staten.

Arbeidet med registeret har også i 2007 vore retta mot å vidareutvikle rapportfunksjonane og å førebu overføring av data frå SKE-registeret.

### 04.2 LANDSVERNEPLANAR

Regjeringa bestemte i desember 2004 at alle statlege sivile sektorar skal utarbeide landsverneplanar. Ytterlegare styrking av arbeidet kom hausten 2006 då det i statsråd blei vedteke ein kongeleg resolusjon om forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar. Den trådde i kraft 1. oktober 2006. Resolusjonen føreset at det vert laga sektorvise landsverneplanar som stadfestar verneverdien av staten sine eigedomar. Resolusjonen har etter kvart letta SKE sitt arbeid med å få sektorane til å starte opp landsverneplanprosjekta.

Med bakgrunn i resolusjonen har FAD også utarbeidd rettleiaren "Forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar. Overordna føreseger gitt i kongelig resolusjon, med utfyllande rettleiing". Rettleiaren er å finne på heimesida til prosjektet.

I 2007 har ein viktig aktivitet vore å få alle prosjekta brakt vidare frå planlegging til produksjon. Sjølv om dette også i 2007 har vore ei utfordring, så opplevde prosjektet ei merkbar betring mot slutten av året. Dette tyder godt for 2008. Den forsenka framdrifta skuldast følgjande:

- problem med å bemanne landsverneplanprosjekta; dette gjeld både rekruttering av fagpersonell og kontrahering av historikarar (til å skrive den historiske innleiinga i planane)
- tidkrevjande avgjerdsprossessar i sektorane,
- praktiske problem med innhenting av grunnlagsdata frå eigedommane.

Riksantikvaren har oppretthalde organiseringa med éin utvald saksbehandlar som følgjer kvar enkelt landsverneplan. Alle desse saksbehandlarane inngår i ei intern gruppe hos Riksantikvaren under leiing av rådgjevar Ingrid Djupedal. Føremålet med gruppa er at saksbehandlarane skal vere oppdaterte og samkjørte i forhold til arbeidet med dei ulike landsverneplanane.

Kulturminnelova gjeld ikkje på Svalbard, og statlege bygningar der inngår difor ikkje i prosjektet. Kulturminnearbeidet på Svalbard skjer i regi av Sysselmannen. SKE er på linje med Riksantikvaren og Sysselmannen oppteken av at også bygningar som ikkje er automatisk freda, vert registrerte. På Svalbard vil det seie bygningar som er førte opp etter 1945.

#### 04.2.1 STATUS FOR ARBEIDET MED LANDSVERNEPLANAR

I løpet av 2007 har dei fleste sektorar starta eller vidareført arbeidet med landsverneplanane, og dei fleste er no i sjølve produksjonsfasen. I kraftsektoren er det framleis uklart korleis arbeidet skal organiserast, men SKE har hatt kontakt med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statkraft AS og Statnett SF om dette.

Når det gjeld Stortinget og deira eigedomsmasse, er det også trong for å finne ei praktisk innretning på arbeidet, då Stortinget som institusjon ikkje kan plasserast i ein samfunnssektor slik tilfelle er for dei fleste departementa.

### ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET (AID)

Oppdraget med å kartlegge bygningsmassen nytta til trygdekontor er delegert frå departementet til Arbeids- og velferdsdirektoratet og vert utført av NAV Drift og Utvikling.

Trygdekontora vart i si tid i stor grad overførte til Entra Eigedom AS og er omtalte i verneplandokumentet som selskapet har utarbeidd. Desse eigedommane vil utgjere hovuddelen i Arbeids- og velferdsdirektoratet sitt arbeid. Dette er noko av bakgrunnen for at det så langt ikkje er henta inn kulturminnekompetanse eller at arbeidet er sett ut til eksterne. AID ynskjer i tillegg å skaffe seg betre oversikt over den totale bygningsmassen som har vore i bruk av etaten. Det er difor oppnemnt ein kontaktperson i kvart fylke som skal gje ein rapport med kort historikk og oversikt over kva bygningar som har vore i bruk av etaten, pluss utfyllande historikk for dei eigedommane som er eigde av Entra Eigedom AS. NAV Drift og Utvikling vil i samråd med Riksantikvaren og SKE vurdere vidare framdrift.

Kontaktperson i NAV Drift og Utvikling er rådgjevar Carl Jon Buraas. Kontaktperson i SKE er Eirik Bøe.

### BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET (BLD)

BLD har starta arbeidet med å organisere ein landsverneplan knytt til institusjonar i barnevernet. Statsbygg har starta opp delar av arbeidet med landsverneplan for BLD.

Øivind Skøien er prosjektleiar hos Statsbygg og kontaktperson i BLD er førstekonsulent Helga Aanderaa.

Statsbygg overtok forvaltninga av ei rekkje institusjonar innan barnevernet etter at den første registringa av eigedomsmassen vart gjennomført i 2003, og desse eigedommane vart difor ikkje lagde inn i SKE sin database. Statsbygg gjorde hausten 2007 ei hurtigregistrering av alle BLD-eigedommane med bilete og omtale av kulturmiljø hausten 2007. Registreringsresultat og ei fyrste verne vurdering vart lagde fram for BLD i november 2007.

Etter avtale med BLD har Statsbygg kontrahert historikar Svein Henrik Pedersen til å skrive sektorhistoria. Arbeidet starta oktober 2007 og er planlagt å vere ferdig april 2008.

Kontaktperson hos Riksantikvaren er Ingrid Djupedal og hos SKE Eirik Bøe.

### FINANSDEPARTEMENTET (FIN)

Under FIN er det fyrst og fremst bygningar knytte til Noregs Bank og Toll- og avgiftsdirektoratet som er aktuelle i landsverneplansamheng.

Noregs Banks filialbygningar vart vernevurderte av Riksantikvaren då dei gjekk ut av bruk for Noregs Bank, og Noregs Bank har på eige initiativ teke seg av dokumentasjon og historieskriving av sin noverande bygningsmasse. Funksjonane i ein landsverneplan var dermed oppfylte allereie før SKE-prosjektet kom i gang.



1



2




3

1. Austrått Borg. Foto: Einar Engen.
2. Arkeologisk Museum i Stavanger. Foto: Statsbygg.
3. Hund fra ÅS.
4. Ottestad inngangsparti.
5. Realfagbygget UiB. Foto: Eirik T. Boe.



4



5



6



1. Bjørgan Prestegard. Foto: Statsbygg.
2. Pensjonistbustad Bygdø Kongsgård, Foto: Anne Sofie Galåen.
3. Gaustad Sjukehus.
4. Stavanger Tinghus, trapperom. Foto: Eirik T. Bøe.
5. Høgskolen på Stord. Foto: Eirik T. Bøe.
6. Jotkajavre Fjellstue.

1




2



3



5



6



#### TOLL- OG AVGIFTSДИРЕКТОРАТET

Toll- og avgiftsdirktoratet (TAD) har kome langt i arbeidet med framstilling av ein landsverneplan. Historikaren Øyvind Grøndahl frå Rokkansenteret i Bergen har levert eit utkast til overordna etatshistorie og TAD har knytt til seg NIKU for kulturhistoriske vurderingar av eigedommane. For å ferdigstille arbeidet er TAD avhengig av at Entra Eigedom supplerer dokumentasjonen av sine eigedommar i SKE sitt register. Dette har Entra sagt seg villig til å gjere. NIKU har inngått avtale med Entra om supplering av registeret.

Kontaktperson i TAD er førstekonsulent Bjørg Grøndahl, hos SKE Marit Vestvik og hos Riksantikvaren førstekonsulent Linda Veiby.

#### FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET (FKD)

FKD har tidlegare laga ein verneplan for fyrstasjonane. Det er likevel ytterlegare 40 000 objekt knytte til navigasjon og kystfart langs kysten. Kystverket er difor i gang med eit verneplanarbeid som tek for seg heile den maritime infrastrukturen.

Det er etablert ei styringsgruppe og rådgjevar Torstein Olsen frå Kystverket Søraust er prosjektleiar. Ettersom dette ikkje dreier seg om bygningar, og arbeidet vart starta opp utanfor SKE, skjer dette uavhengig av SKE. SKE vert likevel orientert om arbeidet, og erfaringar vert utveksla mellom prosjekta.

Saksbehandlar for Fiskeri- og kystdepartementet sin verneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Eivind Lande og kontaktperson i SKE er Eirik Bøe.

#### FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET (FAD)

Statsbygg har fått i oppdrag å utarbeide utkast til landsverneplan for FAD. FAD sitt sektoransvar er hovudsakleg knytt til statens kongelege eigedommar, regjeringsbygningane og Statens hus der fylkesmannsembeta og andre verksemder innan regional statsforvaltning har tilhald. FAD sin samla landsverneplan vil òg omhandle dei statlege eigedommane som Statsbygg forvaltar, men som ikkje har ei klår sektortilknytning. Endeleg identifisering av denne gruppa krev at arbeidet med dei fleste andre landsverneplanane har kome lenger. Det inneber at det tek noko tid før ein kan slå fast det endelege omfanget av FAD sin landsverneplan. Det er likevel gjort einskilde vurderingar av denne såkalla 'restkategorien' av eigedommar som Statsbygg forvaltar.

Manuskriptet til historiedelen for FADs landsverneplan er ferdig. Det er historikar Herdis Kolle ved Rokkansenteret i Bergen som har skrive den overordna historia.

Statsbygg er i gang med evaluering av eigedommane hausten 2007. Landsverneplanen skal vere ferdig sommaren 2009.

Prosjektleiar hos Statsbygg er Øivind Skøien. Kontaktperson i FAD er seniorrådgjevar Kaare Falkenberg, hos Riksantikvaren seniorkonsulent Hanna Geiran og hos SKE Marit Vestvik

#### HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET (HOD)

Helse- og omsorgsdepartementet har skrive ein historikk og er kome langt i å lage ein landsverneplan for helsesektoren. Den historiske oversiktsartikkelen "Helsebygg i Noreg" låg føre i 2006.





HOD sin landsverneplan omfattar den største eigedomsporteføljen av alle planar som er under arbeid. HOD har engasjert Forsvarsbygg i arbeidet med landsverneplanen.

Kontaktpersonar i HOD er seniorrådgjevar Kai Furberg og Jørn Petter Kvamme. HOD har samla representantar for alle dei regionale helseføretaka i ei koordineringsgruppe saman med Riksantikvaren og SKE. Seniorrådgjevar Nils Arne Bjordal frå Helse Midt-Noreg leier koordineringsgruppa. Prosjektleiari i Forsvarsbygg er seniorarkitekt Marte Oftedal.

I januar 2007 blei det utarbeidd ei oversikt over kva anlegg som skal vurderast vidare. Anlegga er grupperte etter ei førebels vurdering av verneverdi (gruppe A, B, C og D). Riksantikvaren er orientert om utvalet gjennom deltaking i koordineringsgruppa og i eige orienteringsmøte.

Det har vore to møte i ei eiga referansegruppe for det vidare arbeidet med historiedelen og val av fredingsobjekt. HOD sin landsverneplan er planlagt å vere ferdig sommaren 2008.

Saksbehandlar hos Riksantikvaren for Helse- og omsorgsdepartementets landsverneplan er rådgjevar Ingrid Djupedal og kontaktperson i SKE er Eirik Bøe.

#### **JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET (JD)**

Statsbygg har fått i oppdrag å lage landsverneplan for Justisdepartementet. Prosjektleiari hos Statsbygg er Øivind Skoien. Kontaktperson i Justisdepartementet er seniorrådgjevar Grethe Rødskog Fodstad og hos SKE Eirik Bøe.

Arbeidet er koordinert i departementet gjennom ei intern gruppe med representantar frå dei ulike fagområda som kriminalomsorga, politiet, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, domstolane og sysselmannen på Svalbard. Kvart område har med utgangspunkt i eigne ressursar skrive ein kort historikk for og skaffa delvis oversikt over sin eigen bygningsmasse.

SKE hadde òg eit møte med Domstolsadministrasjonen i Trondheim i november 2007.

Statsbygg har gjennomgått registreringar føretakne av sektoren, og arbeider no med komplettering av naudsynte registerdata og bygningsdokumentasjon. Innleiande vernevurderingar og synfaringar er starta opp. Det same gjeld førebuing av historikaroppdrag.


Planen er relativt omfattande og vert truleg ikkje gjort ferdig før våren 2009.

#### **KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET (KRD)**


KRD har ikkje ein eigedomsportefølje som gjer det naturleg å utarbeide ein landsverneplan.

#### **KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET (KKD)**

KKD har fleire ansvarsområde, og det er no bestemt at det skal utarbeidast ein samla plan for desse med underkapittel. Planen vil ta for seg dei statlege teatra, arkiva, musea og Nasjonalbiblioteket (Rana). Historikar Sidsel Graffer har skrive historikken for teatra. KKD har engasjert NIKU til å utarbeide utkast til landsverneplan for kultursektoren. Det var oppstartmøte mellom KKD, RA, NIKU og SKE i november 2007.



1. Villa Stenersen - Tuengen Allé, austfasade  
2. Villa Stenersen - Tuengen Allé, daglegrom  
3. Villa Stenersen - Tuengen Allé, hagestue



Kontaktpersonar i KKD er seniorrådgjevar Isabell Lexow og underdirektør Kristin Solbjør Folstad. Kontaktperson i SKE er Heidi Uleberg og hos Riksantikvaren Francine Lampe.

Opplysningsvesenets fond (OVF) har tidlegare gjort ei vurdering av prestegardane. No er dei i gang med å supplere denne ved å gå gjennom utmarkseigedommane sine. Desse vart registrerte sommaren 2006. Det er enno ikkje bestemt kva form ei samanstilling av resultatå bør få. Dette vert vurdert opp mot OVF sine strategiske planar framover. Kontaktperson i OVF er Terje Skaug.

#### **KUNNSKAPSDEPARTEMENTET (KD)**

Landsverneplanen under KD omfattar ei rekkje eigedommar, der universiteta og høyskolane utgjer størstedelen av eigedomsporføljen. Også dei spesialpedagogiske kompetansesentra, fleire forskingsinstitusjonar og statlege skolar er knytta til sektoren. KD sin landsverneplan er blant dei mest omfangsrike og omfattar institusjonar med stor betydning for samfunnet.

Kunnskapsdepartementet har engasjert Statsbygg i arbeidet med landsverneplanen, og Statsbygg har utarbeidd eit forprosjekt. Historikar Peder Figenbaum er engasjert for å skrive historikken. Historiearbeidet vart starta for sommaren 2007 og vil strekkje seg noko inn i 2008. Landsverneplanen skal vere ferdig ved årsskiftet 2008-2009.

Prosjektleiari hos Statsbygg er Øivind Skøien. Kontaktperson i KD er underdirektør Arne Hovden, hos Riksantikvaren seniorrådgjevar Hanna Geiran og hos SKE Marit Vestvik.

#### **LANDSBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET (LMD)**

Landbruks- og matdepartementet har fleire ansvarsområde der det skal utarbeidast landsverneplanar.

##### **Landsverneplan for Bioforsk**

Bioforsk, tidlegare Planteforsk, er godt i gang med utarbeidinga av sin landsverneplan. Leiari for Bioforsk Øst Løken, Håkon Skarstad, er prosjektleiari og det er også han som har skriva den overordna historikken. Bioforsk har fått assistanse frå fleire fylkeskommunar i vurderinga av eigedomsporføljen. Det er gjort eit utval av eigedommar som skal inngå i landsverneplanen, og Bioforsk har kontrahert NIKU til å gjere dei siste vurderingane. Etter at planen er ferdigstilt, skal den handsamast av styringsgruppa for landsverneplanprosjektet, styret i Bioforsk og LMD, før den vert sendt til Riksantikvaren.

Kontaktperson for Bioforsk sin landsverneplan hos Riksantikvaren er rådgjevar Ragnhild Hoel.

#### **LANDSVERNEPLAN FOR STATSKOG**

Statskog har sett ned ei styringsgruppe for landsverneplanarbeidet. Kontaktperson i Statskog og leiari av styringsgruppa er seksjonssjef Jørgen Hoffmann. Statskog arbeider framleis med innlegging av dokumentasjon i eigedomsregisteret til SKE.

NIKU hjelper Statskog med kvalitetskontroll av registreringane og utarbeiding av historikken, som vert skriven av etnolog Knut Fageraas. Statskog har i overkant av 900 eigedommar.

Statskog er ein av sektorane som har grensesnitt mot ein av dei fem nasjonale minoritetane ved Finnebusettjunga. På Varaldskogen (mellom Vinger- og Brandval Finnskog) har Statskog fleire finnetorp i sitt eige.

Statskog skal vere ferdig med sin plan i 2008.

Kontaktperson i LMD er rådgjevar Finn Abrahamsen, hos Riksantikvaren seniorrådgjevar Even Gaukstad og hos SKE rådgjevar Heidi Uleberg

#### **MILJØVERNDEPARTEMENTET (MD)**

MD tek sikte på å framstille sin landsverneplan som ei temasamling ut frå kva tilstand eigedommane er i. Innsamlinga av grunnlagsdata har vist seg å ta lengre tid enn venta. MD og SKE har hatt eit møte med Direktoratet for naturforvaltning for å få innsamlinga av grunnlagsdata ferdig. Dette er ytterlegare følgt opp utover hausten og pr. desember 2007 stod det att data frå berre eitt fylke.

Kontaktperson i MD er Siri Schrøder Vesterkjær, som også er ansvarleg for å utforme historiedelen. Det er oppretta ei styringsgruppe der Siri Schrøder Vesterkjær (MD), Marte Oftedal (Forsvarsbygg), Francine Lampe, Ingrid Djupedal (begge Riksantikvaren) og Marit Vestvik (SKE) er deltakarar.

Kontaktperson i SKE er Marit Vestvik og hos Riksantikvaren Francine Lampe.

#### **NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENTET (NHD)**

NHD skal utarbeide ein landsverneplan for gruvedrifta i Noreg. Arbeidet skjer i samarbeid med Bergverksmuseet på Kongsberg.

Bygningane som er nytta i samband med gruvedrifta er aktuelle for vurdering i ein landsverneplan. Dette vedrører heimfallseigedommane som vert forvalta av Bergvesenet, og dei statleg eigde selskapa som driv gruvedrift på Svalbard. Bergvesenet ser behovet for ein gjennomgang av heimfallseigedommane.

NHD har løyvd ressursar slik at Bergverksmuseet på Kongsberg kan gjere ein gjennomgang og ei oppdatering av norsk gruvehistorie. Denne historikken vil danne grunnlag for vurdering av heimfallseigedommane sin verneverdi. Arbeidet skal publiserast i bokform. Underdirektør Elisabeth Berger i NHD og bergmeister Per Zakken Brekke i Bergvesenet er kontaktpersonar.

#### **OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET (OED)**

Viktige felt under OED er verksemdene knytte til oljeutvinninga i Nordsjøen og kraftproduksjonen som fell innanfor NVEs ansvarsområde. Mykje av dette fell likevel utanfor SKE-prosjektet, som har eigedom med påståande bygningar som hovudfokus.

Uavhengig av SKE starta NVE prosjektet KINK (Kulturminne i norsk kraftproduksjon). KINK tek føre seg både privat, kommunal og statleg kraftutbygging, og planen blei lansert i april 2006.

NVE har starta eit forprosjekt knytt til Statnett og ynskjer å setje i gang eit hovudprosjekt i 2008. SKE har tatt kontakt med Statkraft for å avklare oppfølginga av KINK-prosjektet.

I tillegg har Oljemuseet i Stavanger i samarbeid med Riksantikvaren starta dokumentasjonsprosjekt som tek føre seg oljeutvinninga i Nordsjøen. Desse prosjekta vert gjennomførte uavhengig av SKE.



1

1. Oslo Tinghus/Fasade mot C.J. Hambros plass. Foto: Marte Loen
2. Oslo Tinghus/Kantine. Foto: Marte Loen
3. Oslo Tinghus/Resepsjon. Foto: Marte Loen



2



3



### SAMFERDSELSDEPARTEMENTET (SD)

SD var tidleg ute med å ta ansvar for kulturminnevern innan sin eigen sektor. Dei har laga landsverneplanar for Statens vegvesen, NSB-stasjonsbygningane og har utarbeidd ein ikkje vedteken plan for Telenor. I tillegg har Jernbaneverket utarbeidd ein landsverneplan som har vore på høyring.

SD varetek òg eigaransvaret i dei heileigde statsaksjeselskapa Posten Noreg AS og Avinor AS, og begge desse selskapa vedtok gjennom kontakt med SKE-prosjektet å utarbeide landsverneplanar for sine sektorar.

### LANDSVERNEPLAN FOR AVINOR AS

Avinor vedtok i november 2005 at dei skulle utarbeide ein landsverneplan. Hovudprosjektet som er godt i gang skal vere avslutta i 2008. Leiar for hovudprosjektet er Bernt Olsen Hagen. Med seg i prosjektgruppa har han Elin Hansen og Nicolay Dons (alle frå Avinor). Det er også sett ned ei referansegruppe der mellom anna SKE er med. Prosjektet har besøkt alle 46 lufthamnene som Avinor eig. Det er teke bilete og utført anna dokumentasjon. Denne er i stor grad lagd inn i eigedomsregisteret til SKE. I mars vart det arrangert eit seminar med prosjektgruppa, Riksantikvaren, SKE, dei ulike divisjonane i Avinor og Forsvarsbygg, der ein gjorde eit førebels utval av eigedommar.

Avinor har i det vidare arbeidet kontrahert Forsvarsbygg som kulturminnekompetanse i prosjektet, og dei vil i samarbeid med prosjektgruppa arbeide seg fram til eit endeleg utval. I tillegg arbeider historikar Olav Gynnild ved Norsk luftfartsmuseum i Bodø med å skrive historikken.

Parallelt med dette skjer det no også ei vurdering av Oslo Lufthavn AS (OSL). På eit møte i november vart det presentert ei liste med forslag til bygningar som skal vidare til Riksantikvaren for vurdering.

### LANDSVERNEPLAN FOR POSTEN NOREG AS

Posten Noreg AS vedtok 29. november 2005 at dei skulle utarbeide ein landsverneplan. Prosjektleiar i Posten Noreg AS har vore Bjørn Brustad, og NIKU har assistert Posten Noreg AS i utarbeidinga av landsverneplanen. Som det første landsverneplanprosjektet under SKE lanserte Posten Noreg AS sin landsverneplan 19. desember 2006. Dei har vurdert alle eigedommar dei eig, det vil seie postterminalane. Det er relativt få eigedommar igjen i Posten sitt eige, og ingen av desse er funne fredingsverdige. Det vil seie at dei dermed ikkje blir behandla vidare av Riksantikvaren. Dette gjer at denne landsverneplanen ikkje er representativ for korleis andre landsverneplanar som er under arbeid vil bli. Posten har likevel valt å dokumentere dei mest interessante eigedommane som er postterminalane i Oslo, Hamar og Trondheim og la dei inngå i katalogen. Historikaren Finn Erhardt Johansen frå Universitetet i Oslo har skrive historiedelen i landsverneplanen.

I tillegg til å gå gjennom bygningane dei eig, har Posten Noreg AS òg gått gjennom dei selde postgardane som vart oppførte i perioden 1893 til 1993. Av desse er det gjort eit utval på 17 postgardar som har fått historikk og utvikling skrive av NIKU, og som fortel ei viktig historie om Postens framvekst i Noreg. Ettersom desse ikkje lenger er i statens eige må Riksantikvaren vurdere om det eventuelt skal setjast i gang ordinære fredingsprossar i etterkant av det dokumentasjonsarbeidet som er gjort, i den mon dei aktuelle postgardane ikkje allereie er freda etter kulturminneloven.

Den arkivmessige dokumentasjonen av brevsentralen i Oslo var ferdig i desember.

## JERNBANEVERKET

Jernbaneverket har invitert SKE til å delta i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein landsverneplan for jernbanen sine stasjonar og stasjonsmiljø. Arbeidet skal forankrast i NSB AS, Jernbaneverket og fylkeskommunane. Målet er eit strategiprogram for den banevise forvaltninga av jernbanen sine stasjonar, konkretisert i ei liste over bygningar, anlegg og miljø som det er tilrådd å frede/verne. Bakgrunnen er at NSB Eiendom AS og Jernbaneverket ynskjer å samarbeide vedrørende oppfølging av "Nasjonal verneplan for kulturminne i jernbanen".

Seniorkonsulent Gustav Rosnes frå Riksantikvaren er saksbehandlar for landsverneplanane til både Avinor AS og Posten Noreg AS. Kontaktperson i SD er seniorrådgjevar Elin Marie Furu og i SKE rådgjevar Heidi Uleberg.

## UTANRIKSDEPARTEMENTET (UD)

Statens eigedommar i utlandet er ikkje med i SKE-prosjektet. Prosjektet oppfordrar likevel UD og Statsbygg til å syte for høg kvalitet i forvaltninga av staten sine eigedommar i utlandet, slik at ein tek vare på dei kulturhistoriske verdiane.

## STORTINGET

Stortinget er ferdig med registreringa. Kontaktperson i Stortinget er overingeniør Terje Bergquist og i SKE rådgjevar Heidi Uleberg.

## 04.3 REGISTERET

Som omtalt i tidlegare årsrapportar har SKE fått utvikla eit web-basert eigedomsregister til bruk ved arbeidet med landsverneplanar. Registeret er konstruert for å kunne handtere større omfang av kulturminnerelaterte data (beskrivingar, tilstandsvurderingar, bilete, vernevurderingar osv.) enn vanlege forvaltningsdatabasar. Databasen er også bygd opp slik at utskrifter frå registeret kan gå rett inn som sider i katalogdelen av ein landsverneplan. Denne databasen er difor først og fremst konstruert til bruk i arbeidet med framstilling av landsverneplanar, og skal leggjast ned når siste landsverneplan er produsert, og alle data er overførte til kulturminneregisteret Askeladden og til dei einskilde eigedomsforvaltarane sine register. Slik skal vidare bruk og utvikling av registerinformasjonen sikrast.

### 04.3.1 REGISTERUTVIKLING

Også i 2007 er det gjort fleire forbetringar av brukargrensesnittet for registeret og oppgraderingar av rapportfunksjonane. SKE har hatt fleire møte med Riksantikvaren, ulike aktørar som arbeider med produksjon av landsverneplanar og systemutviklarar for å sikre at rapportane og måtane dei vert genererte på er tilfredsstillande for alle partar.

Både Avinor og Helseprosjektet bruker nå katalogsidene genererte frå SKE sitt register som grunnlag for produksjon av landsverneplanane.

### 04.3.2 GJENNOMFØRING AV REGISTRERING

Datainnsamlinga er framleis ikkje heilt slutført, men det har skjedd vesentlege framsteg i løpet av 2007, og alle departement er no godt i gang med arbeidet.

### 04.3.3 OVERFØRING AV DATA FRÅ SKE-REGISTERET ETTER AVSLUTTA LANDSVERNEPLANARBEID

SKE samarbeider med Riksantikvaren og dei største statlege eigedomsforvaltarane for å førebu overføring av data frå SKE-registeret til dei ulike forvaltningsregistra. Prosjektet er i samarbeid med Riksantikvaren godt i gang med førebuingar for dataoverføring til Riksantikvarens kulturminneregister Askeladden.

Arbeidet med å definere kva data som skal overførast til dei ulike mottakarane, og hjelp til å gjere nødvendige justeringar i dei registra som skal ta i mot registerdata, har vore eit av dei sentrale innsatsområda for SKE i 2007. Dette arbeidet vert vidareført i 2008.

DEPARTEMENT	JANUAR-DESEMBER 2008												JANUAR-JUNI 2009					
	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni
FAD																		
KD																		
JD																		
BLD																		
SD																		
LMD																		
KKD																		
HOD																		
FKD																		
FIN																		
AID																		
MD																		
NHD																		
OED																		
STORTINGET																		

### 04.3.4 ANDRE VERKSEMDERS BRUK AV SKE-REGISTERET

SKE sin politikk er at registeret skal kunne brukas av alle som ynskjer det. SKE oppfordrar difor alle som spør, om å ta det i bruk.

Oslo Havn har samarbeid med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) om å utvikle SKEs-register til bruk i registrering av kulturminne i Oslo hamn.

## 04.4 FORVALTNINGSSTRATEGI FOR STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMMAR

### 04.4.1 ARBEID MED FORVALTNINGSPLANAR

I 2007 har SKE etablert ei gruppe som skal jobbe med å utvikle ein mal for forvaltningsplan. I gruppa deltek representantar frå Statens vegvesen, Universitet for miljø og biovitenskap, Riksantikvaren, Statsbygg og Forsvarsbygg.

## 04.5 FORMIDLING

### 04.5.1 FORUM FOR LANDSVERNEPLANAR

SKE har arrangert to 'Forum for landsverneplanar' i 2007; den 23. mai og 18. oktober, begge i Riksantikvaren sine lokale. Om lag 50 personar møtte fram til kvart arrangement.

23. mai drøfta ein rollefordeling og utfordringar i landsverneplanprosjekta, status i arbeidet og erfaringar med bakgrunn i ein ferdigstilt landsverneplan. Det var innlegg frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Riksantikvaren, SKE, Helse- og omsorgsdepartementet, Justisdepartementet og Statens Vegvesen.

18. oktober stod utvikling av forvaltningsplanar, lagring og digitale moglegheiter, kartløysingar og presentasjonar av HOD og KD sine landsverneplanar på dagsordenen. Det var innlegg frå Universitetet i Oslo, Statsbygg, PDC-Tangen, Riksantikvaren og Forsvarsbygg.

#### 04.6.3 NETTSIDA

SKE formidlar relevant informasjon gjennom sine nettsider. Desse vert oppdaterte jamleg. Sidene er også portal til prosjektets eigedomsregister. Adressa er [www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no).

#### 04.7 DIVERSE

##### 04.7.1 STUDIETUR TIL VESTLANDET

Referansegruppa var på studietur på Vestlandet våren 2007. Det var synfaringar ved Førde sentralsjukehus, Tronvik DPS, Vik fengsel, Universitetet i Bergen, Gamlehaugen, Eikelund kompetansesenter, Flesland flyplass, Baroniet Rosendal, Stord sjukehus, Høgskolen på Stord, Stavanger tinghus, Tollboden i Stavanger, Katedralskolen i Stavanger, Rogaland Teater og Arkeologisk museum.

Prosjektet møtte både ulike eigedomsforvaltarar og brukarar av eigedommane.

Ekskursjonen vart organisert av sekretariatet i SKE med hjelp frå Statsbygg Vest og dei ulike lokale forvaltarane. I alt 11 representantar frå FAD, FD, KD, KKD, MD, Riksantikvaren og Statsbygg deltok. Rapport frå turen er å finne på prosjektet si heimeside.

##### 04.7.2 STUDIETUR TIL IRLAND OG SKOTTLAND


Referansegruppa i prosjektet har sett det som nyttig å sjå korleis arbeidet med statlege kulturhistoriske eigedommar skjer i andre land. Irland og Skottland vart vurderte som interessante studiemål ut frå eit ynske om å få betre kunnskap om korleis kulturminnevernet er organisert i land som har likskapstrekk med Noreg i storleik og organisering.

Reisa vart organisert av sekretariatet i SKE, men med god hjelp frå generalkonsulatet i Edinburgh og den norske ambassaden i Dublin. Deira innsats var avgjerande for det vellukka resultatet.

I alt 11 representantar fra FAD, FD, KD, KKD, MD, ABM-utvikling, Riksantikvaren og Statsbygg deltok. Rapport frå turen er å finne på prosjektet si heimeside.



1



2



3



4



5



6



7

1. Realfagbygget korridor UiB. Foto: Eirik T. Bøe.
2. Det Kongelige slott/Fasade indre gard. Foto: Anne Sofie Galåen.
3. Sentralsjukehus i Førde: Lamper og betong.
4. Bergskrivergården. Foto: Statsbygg.
5. Mollisjok Badstue Gammal. Foto : Inger Helen Unstad.
6. Utedo. Foto opphavsrett: Inger Helen Unstad.
7. Bygdøy Kongsgard/driftsbygning. Foto: Anne Sofie Galåen.

## 05 BUDSJETT OG ØKONOMI

### 05.1 BUDSJETTRAMMER


Løyvinga til prosjektet i 2007 var 2,0 mill. kroner, men blei seinare auka til 2,5 mill. kroner. Prosjektet er finansiert innanfor Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

### 05.2 FORBRUK 2007

TALA I OPPSETTET ER AVRUNDA.

Lokale, kontortenester, løn	1 680 000
Utvikling og vedlikehald av register	203 000
Trykksaker og WEB	33 000
Møte/bevertning	30 000
Reiser	86 000
Diverse	195 000
	<b>2 227 000</b>





## STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR

Storgata 2 • c/o NIKU, Postboks 736, Sentrum, N- 0105 Oslo • Telefon: 23 35 50 00 • Faks: 23 35 50 01

[www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no)